

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 13.01.2017  
Vår ref.: 2015/2163-125  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Statsbudsjettet kap 1429 post 71- Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap- Søknad 2017 og rapportering 2016

### 1. Søknadssum

For 2017 søker Hordaland fylkeskommune om kr **26 699 662**. Av dette er kr 22 633 037 til bygg og anlegg, og kr 4 066 625 til tiltak i landskapet. Vi søker også om prosjektmidler, men dette vert sett av når vi veit kor mykje midlar som vert overført til fylkeskommunen frå post 71.

Når det gjeld søknadsordninga brannsikring er vi usikre på korleis søknadene skal handterast, og om det skal gjerast av Riksantikvaren eller Hordaland fylkeskommune? I utlysninga går det fram at desse skal sendast fylkeskommunane, og dette vart praktisert fram til i 2015. Vi bad Riksantikvaren i fjor om å avklare praksisen skriftleg for framtida, men framleis er det usikkerheit om korleis denne type søknader skal handterast.

For post 71. freda bygg, har vi utarbeidd ei søknad med klasse 1, 2 og 3 prioriteringar, der 1 er høgste prioritet, jf liste i vedlegg 1.

### 2. Overførte midlar

Overførte midlar 2016 kr 8.854.754 pr.31.12.2016. Av desse er kr. 137.060 rentemidlar. Etter den 31.12.2016 er det utbetalt kr. 2.862.500 slik at rest utestående beløp pr. 15.01.2017 er **kr. 5.992.254**

### 3. Omsøkte midlar til bygningar, skjøtsel og prosjektmidler

- a. Hordaland fylkeskommune søker om 22.633.037 til bygningar. Dette er freda bygningar bortsett frå ei notabu «notabunaustet» i Sund kommune. Denne er lagt inn i Askeladden med ID 224565-1. Dette er eit viktig kulturminne knytt til kystkultur.
- b. Vi har tidlegare ikkje rapportert på skjøtelsmidlar i Askeladden, men frå 2017 vil vi også rapportere på desse midlane i Askeladden. For 2017 er det berre søknader til Havrå og Lyngheisenteret i denne kategorien. Museumssenteret har inngått ein avtale med enno ein av grunneigarane på Havrå. Dette har dei rekna ut til å utgjere kr. 700.000. Dette er årsaken til at søknadssummen frå MUHO er auka.

Skjøtsel Havrå	Leif Havre	120.000
Skjøtsel Havrå	Geir Sundal	297.000
Skjøtsel Havrå	Frode Kjærland	120.000
Skjøtsel	Museumssenteret i Hordaland	2.652.625
Skjøtsel	Lyngeisenteret	877.000
<b>Sum</b>		<b>4.066.625</b>

Hordaland fylkeskommune har tilsette som har fått opparbeida kompetanse på dendrokronologisk prøvetaking. Dette er i all hovudsak finansiert med fylkeskommunale midlar. Frå 2017 vil vi nytte denne kunnskapen på bygningar som er viktige å datere, og vi vil finansiere desse tiltaka frå potten for prosjektmidlar.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å bruke ein del av prosjekteringsmidlane til å utarbeide eit hefte/trykksak om freda bygg i Hordaland, og fortelje om tiltak som har vært gjort i dei seinare år. Dette arbeidet er starta opp, men ingen av pengane er nytta til no.

#### 4. Behov/utfordringar i inneverande år og i åra frametter

- Arbeide for å betre rutinane i sakshandsaminga. Vi nyttar no skjemaet vi har motteke frå RA «Tilskuddsforvaltning trinn for trinn». Når det gjeld skjøtelsmidlane vil vi utarbeide skjema for rapportering som søkjarar må nytte for å tilskotet utbetalt.
- Fortsette innsatsen på registrering av tilstandsgrad og rapportering av tilskot til freda kulturminne. Arbeide vidare med istandsettingsprogrammet for freda hus i privat eige, inkl. antikvarisk rådgjeving, prosjektstyring og oppfølging på byggeplass.
- Vidareutvikle kulturminnekompetansen i regional forvaltning og styrkje samarbeidet med private og offentlege aktørar.

#### 5. Kva ein ønskjer å vektleggje ved årets løyving

Det er kome inn 5 søknader frå Espeland fangeleir for 2017 på til saman 1.088.750, og ein søknad frå Gamle Vossebanen på kr. 600.000. Både Espeland fangeleir og Gamle Vossebanen, som begge tidlegare var statleg eigedom, er i løpet av dei seinare åra overteke av private stiftingar. Desse har gjort eit stor innhogg i potten til freda bygg. I 2015 fekk Gamle Vossebanen 399.593 frå post 71, og eit førehandstilsegn på kr. 300.000. Ved den ordinære løyvinga i 2016 fekk Espeland fangeleir kr. 400.000 i tillegg til kr. 500.000 som vart overført frå RA.

Reperbanen i Sandviken og Kronstad hovedgård, begge i Bergen kommune, har vore prioriterte tiltak dei siste åra. I 2017 tilrår Fylkeskonservatoren at arbeid på begge reiparbanene held fram. I tillegg vert arbeidet på Kronstad vidareført, og det same gjeld arbeidet på Christinegård.

#### 6. Risikofaktorar

Kapasitet og kompetanse hjå fylkeskommunane er viktig. Tilgang på entreprenørar med handverkskompetanse og gjennomføringsevne, eigarane si gjennomføringsevne og kvaliteten på søknader. Klimaendringane er òg ein faktor som kan forsterke slitasten på bygningar og føre til eit auka tal på tap av kulturminne. Det har gitt utslag for skjøtseltiltaka i 2016.

#### 7. Ny tilskotsordning til drift av fartøy i 2016 vert utsett til 2017

Ei ny tilskotsordning vart vedteke på fylkestinget i desember 2015. Tilskotsordninga var eigentleg meint for fartøy og andre tekniske kulturminne, men for 2016 vart det fremja sak av administrasjonen om at desse midlane skal øyremerkast drift av fartøy. Vi tok kontakt med Riksantikvaren for å høyre om dette er ei tilskotsordning RA kan vere med på å finansiere etter SAVOS-modellen 1:1, og fekk positivt svar og midlar overført. Nokre av desse midlane var øyremerkte. Det gjaldt midlar til den freda ferja MF «Skånevik». Desse er utbetalt. Dei resterande midlane for 2016 vert overført til 2017, og tildelinga av den resterande potten vert gjort samstundes med tildelinga for 2017. Hordaland fylkeskommune har

utarbeidd retningsliner for den nye regionale tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy:  
<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-forvaltning-og-drift-av-verna-fartoy/>

## Rapportering 2016

### 1. Unyttige tilskotsmidlar

At nokre av tilskotsmidlane står unyttige skuldast i hovudsak:

- a. At tiltakshavarar har bede om utsetting på gjennomføring av tiltaket. Dette skuldast knappheit på kvalifiserte handverkarar.
- b. Personlege tilhøve hjå søkjarar (sjukdom m.m.).
- c. At eigar ikkje har tilstrekkeleg med eigne midlar til å setje i gong tiltaket.
- d. At tiltak som skal gjerast og midlar som skal utbetalast, ikkje er godkjent av Riksantikvaren.

### 2. Bruk av tilskotsmidlar som ikkje kan knytast til Askeladden-ID

Type tiltak	Tiltakshavar	Beløp utbetalt	Rest
Skjøtsel Havrå	Museumssenteret	1.850.000	0
Skjøtsel Havrå	Private eigarar	200.000	100.000
Skjøtsel Lyngheisenteret	Museumssenteret	600.000	0
Prosjekteringsmidlar	HFK	700.000	700.000
Strakstiltak	HFK	372.500	372.500
<b>Sum</b>		<b>3.722.500</b>	<b>1.172.500</b>

Når det gjeld skjøtselstiltak har den store mengda nedbør sumaren 2016 gjort dette arbeidet særskilt vanskeleg. Mannskap som vart tilsett om sumaren for å gjere slåttene kunne ikkje gjere arbeidet. Det vart gjort seinare og kostnadene vart difor høgare enn estimert. Museumssenteret fekk ei ekstraløyving på kr. 350.000 i desember 2016.

### 3. Resultat i høve til målsetting

Omfattande tiltak er gjort på Reperbanen i Sandviken, Kronstad hovedgård, Christinegård og Damsgård hovedgård (alle i Bergen). Framdrifta i alle desse tiltaka har vore som forventa. Som vi rapporterte i 2015 vert arbeidet på Kronstad hovedgård dyrare enn forventa. Arbeidet på hovudbygningen er så godt som slutført, men arbeidet på stallen vert meir kostnadskrevjande enn ein hadde rekna med. Skadane viste seg å vere større når ein starta avdekking og fann store skadar ved fundamenteringa.

Når det gjeld arbeidet med taket på reiparbanen på Fjøsanger er dette eit pågåande arbeid. Dei samla kostnadene er høge og istandsettinga er delt i mindre etappar.

Arbeidet på Hellandshuset er starta opp, men det har vore vanskeleg å få folk. Det er gjort eit midlertidig tiltak på taket i Hellandshuset for å forhindre ytterlegare skade på kulturminnet.

### 4. Kapasiteten på kvalifiserte handverkarar.

Hordaland fylkeskommune har folk som har fått opparbeida kompetanse på dendrokronologisk prøvetaking. Dette er i all hovudsak finansiert med fylkeskommunale midlar. Frå 2017 vil vi nytte

denne kunnskapen på bygningar som er viktige å datere, og vi vil finansiere desse tiltaka frå potten for prosjektmidlar.

Hordaland har ei systematisk satsing på kompetanseutvikling, og har hatt fylkeskommunale tilskot til arrangement av kurs i tradisjonshandverk. Hordaland fylkeskommune har i 2016 samarbeidd med bygningsvernseieret ved Vestnorsk kulturakademi. Tilsette i Hordaland fylkeskommune deltek i undervisninga og i utviklinga av fagplanar.

**5. Kapasiteten hjå forvaltninga**

Fylkeskommunen hadde tilsyn med forvaltningspraksisen for freda kulturminne i 2016. I ettertid har vi arbeidet for å betre rutine rundt forvaltninga av dei statlege midlane til freda bygg.

Fylkeskommunen har god kapasitet til forvaltningsoppgåver på kulturminnefeltet. I samarbeid med kommunane og musea har fylkeskommunen tilsett bygningsvernkonsulentar ved 5 av ansvarsmusea. Nokre av desse registrerer i Askeladden, dei er rådgjevarar for private eigarar av kulturminne, og dei er rådgjevarar for administrasjonen i enkeltsaker. Kultur- og idrettsavdelinga dekkjer om lag 50% av kostnadene til desse stillingane.

**6. Arbeidet med oppgradering av tilstandsgraden i Askeladden.**

Det er gjort eit omfattande arbeid med å registrere tilstandsgraden i 2016. Hordaland fylkeskommune vil halde fram med dette arbeidet dei komande åra.

Framdrifta i dette arbeidet med registreringar kan sjåast i Askeladden.

**7. Tilgang på kvalifiserte søknader**

søknader som ikkje fyller krava i ordninga vert avviste, men dette gjeld som hovudregel berre deler av elles tilskotsverdige tiltak. Likevel er det i nokre høve vanskeleg å tilfredstilla kravet til «gode søknader». Det vert lagt vekt på rettleiing. Søknader som er mangelfulle vert søkt retta opp i samråd med søkjarane.

For å styrkje det samla kulturminnevernet er det etablert tilskotsordningar med eigne regionale retningslinjer for kulturminne som ikkje er freda (Tilskot til vern og vøling og fartøyvern). Det er etablert god kontakt med andre tilskotsgevevarar, t.d. Norsk kulturminnefond og andre fond og legat.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar: Stein Ottosen, Erlend Hofstad